

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hjelmland.

Emne: Vannbering.

Bygdelag: Heile Hjelmland.

Oppskr. av: Ånund Ramsfjell.

Gard:

(adresse): Hjelmland.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Har spurt Ellen Erland, f. 29/7 1873. Husmor.

SVAR


Dei bar for det meste vatnet til husar i gamle dagar.

Vår det kort veg, etter hendene, men det var ikkje alltid kort veg, og då brukte dei vass-sele, det var eit trestykke ca. $1\frac{1}{2}$ m. langt, orhola på mitten så det passte for nakk-en og akslene, med bastatog i kvar ende og trekrok nedst for inn på hekting av bøtta, som og var av tre, med øyrer og trehank, også kalla hevedl. Materialane til desse tinga var ^{mattialen} av den sterke støydei kunne finnast d. brakje (einar).

I storm og kuling ville vatnet skvætta or bøttene, då la dei oppi bøttene halmviskar. Det var helst oppkomor dei ville ta vatn or når det var råd med det. Då auste dei vatnet opp med treouser dei hadde laga seg til det bruket.

Denne ausa vart også kalla koksa (ei). Når kyrne var på beite langt frå husa brukte dei og vass-sele til å bera melka heim med. Vinterstider med snø og is var det kje alltid greidt å koma fram til vasskjella. Då måtte dei til med kjelkar, ski og meiaslear, for å få vatn heim. Let det seg gjera kjørde dei og med vanleg kjerra. Arbeidet med vassberinga fall helst på kvinnene, og det var ofte eit drepande slit. Denne måten å få heim vatn på er det nālīte att av. Ingen ville gå på det, noko aktande. Det er derfor nå lagt innspringvatn der det er råd med det. Og elektriske pumper driv vatnet fram der det ikkje er fallhøgd.

2



Voss-sele.

9028